



KOMMUNEREFORMA - NYHENDE NR. 8 – APRIL 2016

STATUS I KOMMUNANE

Fylkesmannen oppdaterer kvar dag [status](#) over signerte intensjonsavtalar, og vedtak om folkerøysting og innbyggjarhøyringar. Hovuddatoar for folkerøysting er **25. april på Nordmøre og i Romsdal og 19. mai på Sunnmøre**. Nokon få kommunar har valt andre datoar for folkerøysting. 35 kommunar i Møre og Romsdal har utarbeidd ein eller fleire [intensjonsavtalar](#) saman med sine naboar.

FRAMDRIFTA MED KOMMUNEREFORMA

Kommunane går no inn i ei periode med folkemøte, innbyggjarhøyringar og folkerøystingar. Deretter startar arbeidet med saksframstilling fram til endeleg vedtak. Kommunar med **felles intensjonsavtale** må arbeide vidare i lag, også etter folkerøysting/innbyggjarhøyring.

Endeleg vedtak i kommunane	Innan 1. juli 2016
Pressekonferanse med offentleggjering av tilrådinga frå Fylkesmannen	3. okt. 2016 kl. 13.00 Romsdalsmuseet i Molde
Endeleg vedtak frå Stortinget	Innan 1. juli 2017
Nye kommunar	1.jan. 2020

KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPT. SKRIVER I ET INNLEGG 4. APRIL

«Vi har fått spørsmål fra flere om de økonomiske virkemidlene i reformen kun går til kommuner som vedtar sammenslåing innen 1. juli. Det gjør det ikke. ALLE kommuner som blir vedtatt slått sammen i reformperioden får alle virkemidler, uavhengig av om kommunen selv har fattet vedtak om dette eller ikke.»

Dette står omtalt i Kommuneproposisjonen 2015 pkt 4.9.1 s. 52: "Virkemidlene gjøres gjeldene for kommuner som slår seg sammen i reformperioden, det vil si sammenslåinger der det er fattet nasjonale vedtak innen 1.1.2018".»

FYLKESMANNEN HAR ORDET

Kommunane skal innan **1. juli 2016** fatte endeleg vedtak om sin framtidige kommunestruktur.

I oversikta av [status](#) i kommunereformarbeidet kan vi sjå at mange kommunar vel å høyre innbyggjarane sine gjennom folkerøysting. Nokon vel både folkerøysting og innbyggjarhøyring/undersøking.

Det er viktig at innbyggjarane får god informasjon om alternativa til ny kommunestruktur før dei røystar, og at flest mogleg røystar, slik at kommunestyret får eit resultat som speglar folket i kommunen.

Resultat frå innbyggjarhøyringar/undersøkingar, folkemøte og andre innbyggjarinnspel blir og viktig å ta med når avgjerd skal takast. I brev frå fylkesmannen til kommunane datert 31.mars 2016 har fylkesmannen utarbeidd forslag til ei [sjekkliste](#) som omfattar at kommunen også må leggje til grunn alle nasjonale føringar, fakta og utgreiingar om kommunen før endeleg vedtak.

Fylkesmannen skal halde pressekonferanse **3. okt. kl. 13.00 på Romsdalsmuseet i Molde**, der endeleg tilråding om ny kommunestruktur i Møre og Romsdal blir kunngjort. Pressekonferansen vil bli streama på fylkesmannen sine heimesider.

STORTINGSMELDING OM REGIONALE NIVÅ



Statsråd Jan Tore Sanner offentliggjorde i dag 5. april

[Stortingsmelding](#) om nye folkevalgte regionar. Det er forslag om å halde fram med 3 forvaltningsnivå i Noreg som i dag, men at fylka reduserast ned til ca. 10 regionar.

